

Vedlegg B 10

Revisjon av VA Norm Øygarden kommune våren 2025 – endringar

Dei viktigaste endringane er lista opp under;

1. VA norma er omarbeida til å gjelde Øygarden kommune. Dei andre kommunane som tidlegare var med er fjerna frå norma.
2. Punkt 2.5. Laga ny overvassnorm
3. Punkt 3.9. Stilt krav om garanti ved overlevering.
4. Punkt 5.5. Stilt konkrete krav til kvalitet på bolter og pakninger.
5. Punkt 5.11. Stilt utvida dokumentasjonskrav om forankring av PE-leidning i lengderetning.
6. Det er elles gjort mindre endringar og presiseringar.
7. Reviderte vedlegg:
 - a. A 2 Grøftesnitt
 - b. A 5 Standardtegning vasskum
 - c. A 14 Snitt pumpestasjon
 - d. A 14-1 Flytdiagram avløpspumpestasjon
 - e. A 14-2 Snitt buffertank avløpspumpestasjon
 - f. A17 Kumkort
 - g. B 1 Sjekkliste VAO-rammeplan
 - h. B 3 Sjekkliste for utbyggjar før overtaking
 - i. B 6 Trykkaukeanlegg vassforsyning
 - j. B 7 Kommunale avløpspumpestasjonar
 - k. B 8 Overvassnorm Øygarden kommune

Revisjon av VA Norm Bergensregionen oktober 2021 – endringar

Dei viktigaste endringane er lista opp under;

1. Punkt 4.14. Tekst om å fortrinnsvis plassera hovudleidningar i fortau eller gang- og sykkelveg vart teke med.
2. Punkt 5.6. Krav til korrosjonsbeskytelse mindre detaljerte
3. Punkt 5.10. Ny tekst med krav om rør-i-rør til minimum 4 m utanfor offentleg vegareal der stikkledning er kopla til kum i offentleg veg.
4. Punkt 5.14. Tekst om kumlokk 650 mm fjerna. Avstand kumlokk til brannventil endra til 70-100 mm.
5. Punkt 5.20. Krav om trekkerør til 2-3 m under fjøra sjø. Vekta leidning sett inn som alternativ til leidning med lodd.
6. Punkt 6.11. Tekst endra slik at langbend på inntil 15 grader er akseptert utan godkjenning av VA-ansvarleg.
7. Punkt 6.13. Ulike krav for mindre kummar fjerna slik at krava no gjeld likt for alle kommunane. Fastmonterte stigar skal ikkje nyttast.
8. Punkt 6.19. Vekta leidning sett inn som alternativ til leidning med lodd.
9. Punkt 6.20. To alternative løysingar. Øygarden ønskjer løysing med rør og grenrør. Dei andre kommunane vil ha løysing utan rør.
10. Punkt 6.21. Tekst endra. Krav om eigen kum ved tilknyting.
11. Punkt 6.A. Lokale krav vart fjerna.
12. Punkt 7.1. Krav om svart farge på DV-rør.
13. Punkt 7.4. Det vart gjort tydeleg at krav til dimensjon var knytt til innvendig dimensjon.
14. Tre nye tekstvedlegg; Sjekkliste for utbyggjar før overtaking, Protokoll overtakingsforretning VVA-anlegg og Retningslinjer for slokkevatn.
15. Tre nye teikningsvedlegg; Sandfangkummar DN1000 og 650, Standard Ø1200 påkoblingskum trykkavløp og kumskjema.
16. Vedlegg A 6 Vasskum djupare enn 2 m. Armatur plassert sentrert i kum. Stige fjerna.
17. Vedlegg A 10 Steinfangkum. Teikning viser løysning med og utan rørføring.
18. Vedlegg A 14. Normteikningar avløpspumpestasjon. Vedlegget er nytt med utgangspunkt i teikningar for Bjørnafjorden kommune.

19. Vedlegg B 6 – trykkaukeanlegg vassforsyning. Omtale av straum, automatikk og signal mindre detaljert.
20. Vedlegg B 7 – pumpestasjonar avløp. Vedlegget nytt med utgangspunkt i dokument fra Bjørnafjorden kommune.
21. Det er elles gjort fleire mindre vesentlege endringar.

Revisjon av VA Norm Bergensregionen september 2017 - endringar

1. Pkt 3.0 Punktet er stramma opp og klargjort med omsyn til krav til VA planar i samband med nye utbyggingsprosjekt
2. Pkt 3.9 vesentleg endra. Alle lokale krav under dette punktet er no flytt inn i vedlegga B1 «Sjekkliste for teknisk plan, sluttdokumentasjon og overtaking» og vedlegg B2 «Krav til innmåling og dokumentasjon av VA anlegg».
3. Pkt 4.0, 4.1, 4.2 og 4.A er endra slik at desse punkta innhold bestemmersar om m.a. nødvendig overdekking i grøfta, grøftestengsel, mottakskontroll m.v. Desse vilkåra var tidlegare plassert i kap 5, 6 og 7.
4. Pkt 5.3 og 5.15 om slokkevatn og avstand til brannkummar er revidert i samsvar med ny Norsk Vann rapport om dette temaet.
5. Pkt 5.9 Røyrdelar Punktet er forenkla, nå berre tilvising til reviderte teikningar A5 og A6.
6. Pkt 5.10 Lita endring – kommunen skal varslast minst 3 dagar på førehand før tilkopling.
7. Pkt 5.11 Forankring. Ny tilvising til VA Miljøblad 112.
8. Pkt 5.17 og 5.18 Krav til eksternt firma for gjennomføring av trykkprøving/desinfeksjon for mange kommunar
9. Ny teikning A1; Plan og lengdeprofil
10. Ny teikning A14; Normteikning avløpspumpestasjon
11. Revisjon av teikninga A2 – A6
12. Revisjon av vedlegga B1, B2 og B5

Revisjon av VA Norm Bergensregionen våren 2015 - endringar

Dei viktigaste endringane i samband med revisjon av VA norma for Bergensregionene våren 2015 er lista opp under;

1. Heile malen for VA norma er omsett til Nynorsk
2. Pkt 3.0 Prosjektdokumentasjon – her er det teke med krav om utarbeiding av overordna VA plan i samband med reguleringsplan, samt utarbeiding av teknisk plan i forkant av detaljprosjektering.
3. Pkt 5.6 Røyrleidningar – oppdatering av krav til korrosjonbeskyttelse samt skøyting av støypejernsrør
4. NY - Sjekkliste for tekniske planar vedlegg B1. Ei eiga sjekkliste er utarbeidd der det er sett krav til kva tekniske planar skal innehalde
5. NY - Sjekkliste for sluttdokumentasjon vedlegg B3. Ei eiga sjekkliste for krav til sluttdokumentasjon er utarbeidd.
6. Revisjon av vedlegga B4 og B5 Pumpesjonar for høvesvis vassforsyning og avløp. Det er nå sett krav til at stasjonane skal vere tilrettelagt for straumtilførsel av eksternt nødstraumsagggregat.
7. Teikning A-4A Forankring Jordgrøft – teikninga er revidert ved at også leidningsdimensjon 400 mm er teke inn i tabellen.
8. Elles er det ei rekke mindre vesentlege endringar i dokumentet